



Larsen og Solheim AS  
Leiv Solheim

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3781 - 16/2076

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
26.01.2016

## Arkivering av søknad om igangsettingsløyve etter avtale - gbnr 99/27 og 31 Våge

Det vert vist til søknad om igangsettingsløyve (2. utkast) motteken den 25.01.2016 og telefonsamtale i dag den 26.01.2016. Søknaden vert arkivert utan handsaming som avtalt.

Vi minner på om at fylgjande manglar/avvik må vere på plass FØR det vert søkt om igangsettingsløyve:

1. Det må sendast inn eit arealrekneskap i BRA av dei to byggene som vart handsama i rammeløyve av 03.12.2015
  2. Brannvesenet må verifisere at det er tilstrekkeleg tilgang til slokkevatn.
  3. Det må gå KLART fram av teikningane som er sendt inn kva som er:
    - a. Tidlegare godkjente teikningar
    - b. Eksisterande høve dersom dette avviker frå det som er godkjent (det må leggast ved ei utgriing om kva avvika går ut på – og visast på teikningsmaterialet)
    - c. Teikningar som viser kva det vert søkt om
- Det må gå klart fram av teikningsmateriellet kva som vert omsøkt ved «bobler» eller visuelt på annan måte. Vi ber at det vert lagt ved ei redegjersel om kva teikningane skal vise/viser då vi har store vanskar med å tyde materialet som er sendt inn.
4. Gjennomføringsplanen samt anna tilsendt materiale viser at det ikkje er motteken samsvarserklæringer frå samtlege prosjekterande. Dette er stadfest av ansvarleg søker. Før igangsettingsløyve vert gjeve må dette vere på plass.
  5. Det vert vist til utsleppsløyve av 04.12.2015 der det går fram at: «Det skal liggja føre løyve etter hamnelova før arbeidet vert sett i gang». Sakshandsamar tok kontakt med ansvarleg søker i desember om dette og sa klart i frå at ein burde tak kontakt med andre myndigheter slik at ein unngikk tidsspille. Eg rådde også i dag til at ein måtte ta umiddelbart kontakt med Bergen og Omland Havnevesen.

Kommunen har fleire gongar prøvd å rettleie ansvarleg søker, både gjennom vedtak, i telefonsamtaler og i møte saman med tiltakshavarane, men vi kan ikkje sjå at våre tilbakemeldingar til ansvarleg søker er fulgt opp. Vi ber difor at når det vert søkt om igangsettingsløyve på nytt at dokumentasjonen er kvalitetssikra for å unngå unødig tidsspille, og for å luke ut andre moglege avvik eller manglar i saka.



For å unngå misforståelser i framtida vil vi påpeike at vi har gjeve løyve for asylmottaket i 3 år. Ikkje 3+3 slik det går fram av dykkar skriv av 19.01.2016. Skal det drivast asylmottak eller annan verksemد (med unntak for hotelldrift) her etter den 12.11.2018 må det ligge føre ein detaljplan. Du kan ikkje legge til grunn at kommunen vil gje fleire dispensasjonar enn det som er gitt tidlegare. Dersom du er allereie kjent med at det er ynskje om drift av asylmottak her for ein tidsperiode på inntil 6 år eller meir, vil vi tilrå at arbeidet med detaljplan vert påbegynt. For ordens skuld vil vi også peike på at det er også krav til detaljplan for eit eventuell nytt permanent bygg på branntomta.

Vi minner på om at det ikkje vert tillede å utføre byggearbeider på staden før det er gjeve igangsettingsløyve.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Jenfrid Jhr AS

Trolldhaugvegen  
53

PARADIS

**Mottakarar:**

Larsen og Solheim AS